

Folkehelseoversikt

Modalen kommune

2017



INNLEIING

Modalen kommune sitt folkehelsearbeid tek sikte på å sikre ei god utvikling for innbyggjarane. Det inneber m.a. å kartlegge helsetilstanden på *folkenivå* slik at me kan finne fram til både positive og negative faktorar som kan virke inn. Å finne desse faktorane tyder at me vil kunne vite kvar me skal ta fatt når me skal planlegge for ei god samfunnsutvikling. Folkehelsearbeidet skal fremme innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljøaktige forhold, samt bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Me søkjer å identifisere både ressursar og utfordringar i kommunen vår. Slik vurderer me konsekvensar og årsaksforhold som spelar inn på folkehelsa. Neste steg er at me kan føreslå retning for arbeidet vidare innanfor dei ulike områda som er omtala i oversikten.

Modalen er ein liten kommune med få innbyggjarar. Det er lite statistikk tilgjengeleg, noko som pregar datagrunnlaget. I tillegg har me søkt å avgrense og gjere utval. Meir kunne ha vore inkludert, men det du finn i oversikten vurderer me å vere aktuelle område å synleggjere i denne omgang.

Det overordna målet med oversiktsarbeidet er å sikre at me har relevant informasjon på ulike samfunnsområde slik at me kan navigere i ei retning som sikrar innbyggjarane ei god helse i eit godt liv.

FØREMÅL MED OVERSIKTSARBEIDET

1. Det skal vere eit grunnlag for beslutningar i det daglege folkehelsearbeidet. Dette vil omhandle å gå grundigare inn i områda som peiker seg ut som særleg utfordrande eller positive i oversikten.

2. Det skal danne grunnlag for beslutningar i samheng med langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet, knytt opp mot øvrige planleggingsområde.

Folkehelseoversikten skal omfatte opplysningar og vurderingar av: *folkesamansetnad, oppvekst- og levekårsforhold, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skader og ulukker, helserelatert åtferd og helsetilstand.*

Arbeidet er forankra i *Lov om folkehelsearbeid (2012)*. Oversikten føl opp *Kommuneplan for Modalen kommune 2015 – 2026 (2015)*.

KORLEIS HAR ME GÅTT FRAM?

Arbeidet med folkehelseoversikten starta opp hausten 2016. Dei ulike kommunale leiarane fekk ansvar for å innhente informasjon og gjere vurderingar knytt til dei ulike områda oversikten skal ta føre seg. Slik sikra me brei deltaking med forankring i heile leiargruppa.

Me har henta inn opplysningar frå nasjonalt nivå, samt på fylkes- og kommunenivå. Data er henta gjennom ulike offentlege databasar og lokale undersøkingar medan lokale vurderingar har gjeve ytterlegare innsikt.

Det vil nok vere mange samfunnsaktørar med relevant kunnskap som ikkje er tekne med i denne omgang. Me trur *det* vil kunne vere eit viktig satsingsområde for utvikling av oversiktsarbeidet framover. Prosessen er i gang.

VURDERING OG EVALUERING

Kommunen skal ha eit løpande oversiktsarbeid i tillegg til at det skal utarbeidast ny (revidert) folkehelseoversikt kvart 4. år. Det løpande oversiktsarbeidet skjer ved at me årleg henter inn informasjon og tilbakemeldingar frå dei ulike einingane, og på det tidspunktet gjer ei vurdering av evt. endringar eller tilpassingar.


INNHALD	SIDE
FOLKESAMANSETNADEN I MODALEN	5
Folketal	5
Kven er innbyggjarane våre?	6
Alderssamansetjing	6
Utdanningsnivå	6
Kor mange bur i Modalen no – og i framtida?	7
Flytting, innvandring	8
Kvar bur folk?	9
Familiar	9
Arbeidsliv	10
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	11
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	11
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	11
OPPVEKST OG LEVEKÅR	11
Barnehage	11
Kosthald	13
Fysisk aktivitet	13
Mobbing	14
Overgang barnehage – skule	14
Integrering	14
Skule	15
Fysisk miljø	15
Sosialt miljø – mobbing	15
Inkludering	16
Læring	17
SFO	18
Skulevegen	18
Foreldre	19
Elevar ut i verda	19
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	19
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	20
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	20
FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ	21
Gang- og sykkelveg	21
Grønt-/friluftsområde og Bryggjeslottet	21
Andre møtestadar	22
Drikkevasskvalitet	22
Sosialt miljø oppvekst	23
Frivillig sektor	23
Integrering	23
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	23
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	24
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	24

SKADER OG ULUKKER	25
Trafikkulukker	25
Tiltak for å førebyggje skader og ulukker	25
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	26
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	26
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	26
HELSERELATERT ÅTFERD	27
Fysisk aktivitet og kosthald	27
Røyking og snus	28
Alkohol	28
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	28
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	29
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	29
HELSETILSTAND	30
Levealder og utdanning	30
Psykiske symptom og lidingar	30
Muskel- og skjelettlidingar	30
Type 2-diabetes	31
Antibiotika	31
<i>Ressursar i det vidare arbeidet</i>	31
<i>Utfordringar i det vidare arbeidet</i>	31
<i>Aktuelle område for utvikling</i>	31

FOLKESAMANSETNADEN I MODALEN

Det er viktig å kunne vite noko om kven innbyggjarane våre er for å kunne seie noko om kva helseutfordringar me har i dag, og kva som sannsynlegvis kjem til å koma i åra framover. Data/nøkkeltal om folkesamansetnaden vert m.a. nytta som bakgrunn for dei andre opplysningane i oversikten. Folkehelseoversikten skal hjelpe til å forstå situasjonen i vår kommune. Me vil kunne nytte nøkkeltala som informasjon om moglegheiter for å setje inn førebyggjande og helsefremmande tiltak.

Oversikt nivå for folkehelsearbeid: individuelle til generelle forhold..



Figuren over syner oss ulike faktorar som spelar inn på kva folkehelseutfordringar me kan verte utsette for. Faktorar finn ein i ulike lag utover i halvsirkelen. Dersom det er fleire negative faktorar og lag, vert desse lagt saman og belastninga kan verte stor på den einskilde.

Folkehelseoversikten skal hjelpe oss i arbeidet med å lokalisere slike faktorar og lag slik at me veit kva me kan førebyggje og setje inn tiltak for å redusere.

FOLKETAL

Kvart år vert det utarbeidd eit folkehelsestatistikk for dei ulike kommunane. Tala for Modalen kommune syner eit folketal pr. 31.12.16 på 383 personar, noko som er ein vekst på 2 personar (0,52 %) frå førre år. Dette er noko lågare enn fylket (0,67%).

Dette er ei positiv utvikling sett i samanheng med at kommunen er liten og ligg noko aleine innst i ein fjord. Førre år var prosentveksten på 0,79 i Modalen, medan Hordaland fylkeskommune enda opp med på 1 % vekst. Me kan vente oss at årlege variasjonar basert på at få innbyggjarar fort gjev store utslag.

Når ein kommune opplever vekst i folketalet fører det til at ein kan oppretthalde og styrke dei ulike tilboda til innbyggjarane. Dette forutset at veksten kjem på dei rette stadane/aldersgruppene. I motsatt fall vil me kunne oppleve reduksjon i tilbod, fråflytting og mindre satsing på område som spelar inn på ei god folkehelse.

Tala i *kommunebarometeret for 2015* (fhi.no) syner at valdeltakinga i Modalen er på høge 81 %. På fylkesnivå er ho 62 % medan landssnittet er 60 %. Årsak til den gode deltakinga i Modalen kan vere at det er eit engasjement for

lokal samfunnsutvikling. At den demokratiske deltakinga i høg grad er aktivert er ei kopling til opplevinga av at ein kan utøve både medverknad og påverknad.

I eit folkehelseperspektiv er dette eit viktig område fordi det er i samfunnsdeltakinga den einskilde i samarbeid med øvrige innbyggjarar kan sikre ei god utvikling for alle. Det er her ein finn fram til kva som skal gjelde for at alle skal kunne leve gode liv saman. Korte vegar mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon er viktige forutsetnader for den høge valdeltakinga.

KVEN ER INNBYGGJARANE VÅRE?

Svaret på det spørsmålet er mangfaldig. Alder, kjønn, etnisitet, bumønster m.m. teiknar eit nyansert bilete av Modalen. Me treng fleire innfallsvinklar for å forstå kven innbyggjarane våre er.

Me vil til dømes gjerne vite noko om snittalderen er høg eller låg, om det er mange einslege forsørgjarar, eller kva utdanningsnivå innbyggjarane har. Desse spørsmåla, og fleire til, er med å avgjere kva som skal vere prioriterte tenestebehov i kommunen.

ALDERSSAMANSETJING

Figuren under syner ei samanlikning mellom Modalen og Hordaland fylkeskommune. I aldersgruppa 25 – 44 år er det nesten 5 % færre personar å finne i Modalen. Dette er den aldersgruppa som i fyrste rekke vil vere aktuelle for å etablere seg med familie. I eit vekstperspektiv ville det vore ynskjeleg om denne delen hadde vore høgare. Samstundes ser me at det er fleire barn (0 – 17 år) enn i fylket forøvrig. Det er eit godt teikn som er med å bidra til at folketalet vert oppretthalde. Me kan også sjå at det er litt høgare del eldre (65 +) enn i fylket.

Prosentvis fordeling av aldersgrupper i Modalen og Hordaland i 2016 (kjelde: fhi.no).



Aldersgruppe	Modalen	Hordaland
0 - 17 år	24,9	22,2
15 - 24 år	11,8	13,4
25 - 44 år	23,4	28,3
45 - 64 år	26,5	24,2
65 +	17,4	15,6

Årsak til skilnaden i gruppa 25 – 44 år kan i hovudsak knytast til at ungdom må flytte vekk frå Modalen for å gå på vidaregåande skule og høgare utdanning. Då er det naturleg at ein i etterkant også vil søkje seg jobb der desse finns. Modalen har få kompetansearbeidsplassar og få verksemder generelt, noko som fører til at det ikkje er sjølv sagt at folk flyttar tilbake. Det kan føre til at kommunen ikkje vil vere attraktiv nok for familiar å etablere seg i. I eit folkehelseperspektiv er det ynskjeleg at nemnte aldersgruppe kunne utgjere ein større del slik at det i større grad også kunne styrke det daglige aktivitetslivet, auka kommunen sine

skatteinntekter og aktualiserte/stimulerte til etablering av nye næringar/arbeidsplassar i kommunen.

I folkepyramiden under kan ein sjå ei meir detaljert aldersfordeling for Modalen kommune. Her finn ein igjen at det er noko skrint på midten i forhold til pyramide nummer 2 som syner Lindås kommune.


Folkepyramide Modalen (nr. 1) og Lindås (nr. 2) pr. 01.01.16 (kjelde: ssb.no)




UTDANNINGSNIVÅ

I figuren under kan ein lese kva utdanningsnivå som gjeld. Samanlikna med naboen vår Lindås har Modalen ein høgare prosentvis del innbyggjarar med vidaregåande som høgaste utdanningsnivå for innbyggjarar over 16 år.

Modalen kommune – oversikt høgste fullførte utdanningsnivå for innbyggjarar 16 år og over (kjelde: ssb.no)



Lindås kommune – oversikt høgste fullførte utdanningsnivå for innbyggjarar 16 år og over (kjelde: ssb.no)



Når det gjeld den vaksne delen av innbyggjarane (30 – 39 år), med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå, vil dette vere ein indikator som kan peike på folkehelseutfordringar. Låg utdanning aukar risikoen for uføretrygd. I *Risikoindeks for folkehelse 2015 – Hordaland* kjem Modalen særst godt ut. Medan Fedje har 24,4 % og Vaksdal har 22,1 % av denne gruppa med grunnskule som høgaste utdanningsnivå, er Modalen i andre enden med sine 11,4 %. I 2012 var prosentdelen i Modalen på låge 7,2 (kjelde hfk.no).

Årsakar til at unge modølingar reiser ut for å skaffe seg utdanning på vidaregåande- og høgskulenivå kan knyttast til at det er få/ingen alternativ i kommunen. Det er avgrensa jobbmoglegheiter

dersom ein ikkje tek utdanning og Modalen har ikkje tilbod om utdanning utover ungdomsskule. Samstundes har Modalen kommune over mange år gjeve nesten kr. 30 000,- i årleg stipend til alle som tek vidaregåande utdanning. Oppretting av skuleskyss til Knarvik har ført til at fleire kan bu heime lengre før dei evt. flyttar ut for å gå på vidaregåande.

Dersom dei unge held fram med å flytte ut for å ta utdanning og ikkje kjem tilbake etter endt utdanning, vil det vere ei utvikling som vil oppretthalde situasjonen med færre innbyggjarar i 25 – 44 årsgruppa. Dette er ei stor og viktig gruppe både når det gjeld deltaking i arbeidsliv, kulturliv, familieetablering m.m., og ein må såleis vurdere å rekruttere nye innbyggjarar som kan demme opp. Ein veg Modalen har teke fatt på er å ta imot flyktningar for permanent busetjing.


KOR MANGE BUR I MODALEN NO – OG I FRAMTIDA?

Foketalet i Modalen har auka jamt frå 2009 til 2016. Pr. 1. jan. 2009 var det 351 innbyggjarar i Modalen, medan talet pr. 31.12.16 hadde auka til 383.


Når me legg til grunn framskrivne tal for kommunen ser me at allereie i 2020 er det forventa eit folketal på 394, medan det i 2030 er venta å vere 430 innbyggjarar. Me kan lese ut frå dette at kommunen jamt over styrker seg. Samstundes viser meir detaljerte tal at folketalsauken ikkje kjem likt fordelt i alle aldersgruppene. Til dømes seier statistikk frå Folkehelseinstituttet at i perioden 2020 til 2040 vil folketalet ha auka frå 394 til 453 - det utgjør 59 personar. Av desse 59 er 14 stk. i aldersgruppa 80 +.

Det vert fleire eldre å ta i vare og som skal motta gode tenester, medan det vert forholdsvis færre til å produsere desse tenestene. Eit spørsmål som reiser seg då er kva kvalitet Modalen kommune kan klare å levere på tenestene sine framover?

Oversikt folketal 2009 – 2016 (kjelde: fhi.no)



Framskriving av folketal 2020 – 2040 (kjelde: fhi.no)



Kommuneplanen til Modalen for perioden 2015 – 2026 peiker på utfordringar knytt til innbyggjartal. Dersom innbyggjartalet er lågt er også viktige fellesfunksjonar og tenestetilbod som skule, barnehage og helsetilbod sårbare. Dette er funksjonar og tilbod bidreg til å utjamne sosiale skilnader.

FLYTTING, INNVANDRING

Nettotilflyttinga til Modalen er varierende. Frå Folkehelseinstituttet (fhi.no) sine statistikkar finn med i perioden frå 2008 til 2013 at summen er 8 personar. Sidan tala svingar så kraftig frå år til år er det vanskeleg å peike på ein tendens, men at resultatet likevel er 8 personar etter desse 6 åra tolkar me som eit uttrykk for at Modalen er ein kommune i forsiktig vekst. For 2016 var nettotilflyttinga heile 5 personar.

Nettoinnflytting (Kjelde: fhi.no)

År	Modalen
2008	-5
2009	-10
2010	21
2011	0
2012	12
2013	-10
Netto tilflytting	8

Modalen kommune har mange ulike nasjonalitetar representerte. Dette vurderer me som ein ressurs. Årsakar kan vere at kommunen og innbyggjarane verdset at folk utanfrå kjem hit for å søkje å ta del i dagleglivet. I tillegg har kommunen vore aktiv i arbeidet med å busetje syriske flyktningar i 2016; dette året kom det 3 familiar til oss.

Det vil vere eit viktig folkehelsebidrag både for våre nye innbyggjarar og modalsamfunnet forøvrig å sikre god integrering i barnehage, skule, arbeidsliv og sosialt/kulturelt daglegliv. Frå nasjonalt hald er me kjent med at manglande grunnlagsarbeid fort kan gje utfordringar på sikt.

Del innvandrarak og norskfødte med innvandrarforeldre pr. 31.12.16 (kjelde: fhi.no)

År	Modalen
2011	20
2012	16
2013	24
2014	23
2015	29
2016	38

Modalen har hatt god tilflytting som til dels har motverka konsekvensane av at mange innfødte modølingar flyttar ut for å gå på vidaregåande skule. Det er i gruppa 16 – 45 år folketalspyramiden vår syner oss at me manglar innbyggjarar. Når rundt 10 % av innbyggjarane våre (spreidd utover i alder) i 2016 representerte andre nasjonar, så er det eit viktig bidrag som styrkjer

folketalsgrunnlaget, og med det felles tenester og funksjonar.

At kommunen har hatt innvandring/tilflytting over tid - og med gode erfaringar, kan også virke positivt inn på innbyggjarane sine haldningar til eit mangfaldig samfunn. Det vil kunne vere ein styrke i folkehelsearbeidet med omsyn til m.a. inkludering i det daglege.

I fortsetjinga er det difor viktig å stille spørsmål om *korleis* Modalen skal auke folketalet i åra framover?

KVAR BUR FOLK?

Bustadane i Modalen ligg i hovudsak langs dalføret som strekkjer seg frå Mo sentrum og oppover til Øvre Helland. I tillegg finn me gardar langs nordsida av fjorden (Grønhaug og Nottveit), samt øvst i dalen i områda Nygard og Steinsland.

Busetnadsmønsteret er einebustadar i felt ved Mo eller Øvre Helland samt nokre spreidde bustadhus/gardshus.

Kommuneplanen peikar på at det er få bustadbygg med fleire einingar. Ein bør såleis vurdere å etablere fleireiningsbustadar i samband med at me får ei aukande gruppe eldre i kommunen i åra framover.

Eit folkehelseiltak retta mot eldre kan vere å syte for ein enklare praktisk kvardag. I tillegg til å sikre felleskap med andre i ein livsfase kor t.d. arbeidsliv og famieliv endrar seg. Einsemd er ei folkehelseutfordring som kan motverkast m.a. gjennom å legge til rette for felleskap i bustadmønster og sosiale møtestadar.

Kommunen har tilgjengelege tomtar for folk som kunne tenkje seg å flytte hit. Tomtane er lokaliserte i allereie etablerte bustadområde. Dette gjev grunnlag for t.d. folkehelserelaterte nærmiljøtiltak. Skal me sikre tilflytting – noko me vurderer som grunnleggande – treng me tilgjengelege bustadar/tomtar. Neste steg er å finne ut *kva* slag bustader og *kvar* dei bør liggje. Kommuneplanen peiker på at det er liten

variasjon i moglegheitane innanfor bustadmassen i kommunen.

Dersom kommunen ikkje leiar an og forankrar hjå innbyggjarane i forhold til framtidig bustadmønster, er det risiko for tilfeldige utkome som *ikkje* ivaretek heilskapstenking, inkl. fremjing av folkehelse. Bumiljø, transport/kollektiv m.m. er viktige faktorar å ta med.

FAMILIAR

I figuren under finn ein oversikt over ulike familiesamansetningar i Modalen kommune samanlikna med Hordaland fylkeskommune.

Dei 3 nederste kategoriane omhandlar eineforsørgarar og syner til saman over 20 familiar. I kategorien «einpersonfamilie» finn ein 58 personar.

Folkehelseinstituttet seier at aleinebuande er ei utsatt gruppe i forhold til økonomi, helse og sosiale omstende. Barn av einslege forsørgarar er også i risikograppa når det gjeld økonomiske og sosiale forhold.

I *Risikoindeks for folkehelse 2015 Hordaland* er Modalen på 3. plass (20 familiar) når det gjeld

Familietype	Region	Tal familiar	Prosent
	Hordaland	242 804	100
	Modalen	158	100
Einpersonfamilie	Hordaland	105481	43
	Modalen	58	37
Par utan barn	Hordaland	55863	23
	Modalen	31	20
Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	Hordaland	25946	11
	Modalen	14	9
Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	Hordaland	26052	11
	Modalen	22	14
Par med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)	Hordaland	11884	5
	Modalen	12	8
Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)	Hordaland	3114	1
	Modalen	3	2
Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)	Hordaland	8328	3
	Modalen	9	6
Mor/far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)	Hordaland	6136	3
	Modalen	9	6

Familiar i Hordaland og Modalen (kjelde: fhi.no)

delen eineforsørgarar. Berre Odda og Fedje har fleire i denne kategorien. Dette er eit høgt tal for kommunen vår. Analysar syner at aleineforsørgarar

oftare har lågare inntekt og økonomiske vanskar. Høg del eineforsørgjarar aukar risikoen for negativ folkehelseutvikling i kommunen. Prosentgraden for eineforsørgjarar i Modalen er 20, og for kvart prosentpoeng auke kan ein vente ein auke i uføregraden på 0,2 %.


ARBEIDSLIV

Kva arbeidsplassar har me? I figuren under syner oversikten at det er nokre hovudnæringar. Bygge- og anleggsverksemd, IKT og offentleg verksemd (skule, helse og administrasjon) står for nesten 80 % av arbeidsplassane.

Det er viktig for eit lokalsamfunn å ha tilstrekkeleg med arbeidsplassar. Modalen har netto arbeidsinnvandring på ca. 110 % (fleire reiser inn til Modalen for å arbeide, enn tal personar som reiser ut). Samstundes treng me eit mangfaldig arbeidsliv som gjev plass til ulike grupper. Me treng å ha kompetansearbeidsplassar for at det skal verte attraktivt å flytte tilbake etter endt utdanning.

Det er ei folkehelseutfordring å sikre at det ikkje vert økonomiske klasseskille i arbeidslivet. Arbeidsplassane me har no – og skal utvikle i framtida – må ha forutsetnader for å bidra til økonomisk utjamning.

Arbeidsplassar etter næring (kjelde: fhi.no)



RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

Positiv folkevekst, samt forventna folkeauke i åra framover.

Fleire barn (i alderen 0 – 17 år) samanlikna med fylket.

Høg valdeltaking/samfunnsengasjement.

Relativt mange personar over 16 år med vidaregåande skule som høgste utdanningsnivå.

Positiv nettoinnvandring til kommunen – mange ulike nasjonar.

Tilgjengelege tomtar.

Positiv netto arbeidsinnvandring.

Få/lite økonomiske klasseskille i arbeidslivet.

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

Betydeleg færre personar i aldersgruppa 15 – 45 år enn andre kommunar/fylket/nasjonen. Ungdom reiser vekk for å gå på vidaregåande skule. Kjem i liten grad tilbake for å etablere familie.

Stor auke i talet på eldre i åra framover.

For få bustadbygg med fleire einingar. Usikre på kva slag bustadar me treng framover. Kva behov skal dekkast?

Mange eineforsørgarfamiliar.

Avgrensa mangfald i næringslivet.

AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIKLING

Modalen kommune må vurdere korleis legge til rette for å auke talet på innbyggjarar i aldersgruppa 16 – 45 år. Dette er gruppa som representerer småbarnsfamiliar, arbeidskraft og deltaking i ulike kulturelle aktivitetar.

Kommunen bør gjere ei vurdering av kva bustadar som skal satsast på dei neste 20 – 30 åra – ein bustadplan. Her må ein m.a. ta høgde for fleire

eldre og korleis ein vil sjå kostnader til eldreomsorg i eit slikt ljøs. Det bør vere eit mål at fleire eldre kan bu heime lengre. Einsemd blant eldre som bur aleine er ein mogleg utfordring.

Det bør vurderast kva som ligg til grunn for den høge delen eineforsørgjarar i kommune og korleis ein evt. kan bidra til å redusere denne.

OPPVEKST- OG LEVEKÅR

Modalen kommune har èin barnehage og èin skule (1. – 10. trinn). Under oppvekst og levekår har me valgt å fokusere på desse to einingane fordi dei kjem i kontakt med innbyggjarane allereie frå starten av liva deira. Her kan ein både avdekkje, førebyggje og støtte på mange av områda som styrkjer folkehelsa.

BARNEHAGE



Grunnlaget for god folkehelse startar allereie i barnehagen. Her er mat, leik, kulturopplevingar og eit godt pedagogisk tilbod med på å skapa gode oppvekstvilkår og god helse seinare i livet. Ifølgje UNICEF er førebyggjande helsearbeid retta mot barn frå 0 – 3 år eit av dei mest effektive tiltaka for å betre heile befolkninga si helse. Barnehagen si viktigaste oppgåve er å støtta foreldra med å gje barna mest mulig intellektuell, språkleg, emosjonell og sosial stimulering. Slik vil fleire barn kunne vekse opp med gode meistringsstrategier for god fysisk og psykisk helse og trivsel gjennom livet.




Modalen kommune har full barnehagedekning. Dette gjev foreldra moglegheit til å vera i arbeid, noko som virkar inn på familieøkonomien. Ifølgje *Kommunefakta* har 150 % barn i Modalen barnehageplass (pr. 2016).

Modalen kommune drifrar barnehageplassar for både Vaksdal og Lindås. At barn frå andre kommunar nyttar plass hjå oss er positivt i høve til at ein får fleire vaksne og eit større fagmiljø. Dette bidreg til betre kvalitet på barnehagetilbodet vårt. Ein mogleg konsekvens av *ikkje* å drifra plassar for Vaksdal og Lindås vil vera at me vert for små og sårbare i høve å oppretthalde eit godt fagmiljø. Barnehager av god kvalitet gjev gode meistringsopplevingar og kan bidra til å redusere sosiale skilnader. For barna er eit større leikemiljø positivt i høve at barna får fleire venar å velje mellom. Mangel på venskap er ein risikofaktor for utvikling av psykiske lidningar hjå barn og unge (UDIR). I Norge er metoden Dei Utrolige Åra (DUÅ) skildra som ynskte tiltak i Stortingsmelding 16 (2002- 2003) *Resept for et sunnere Norge* og inngår i *Regjeringens Strategiplan for barn og unges psykiske helse* (2004) og mange andre offentlige dokumenter. Modalen barnehage er ein DUÅ-barnehage.

Dei fleste barn i Modalen går i barnehage frå dei er 1-2 år gamle. Alle over tre år har barnehagetilbod. Alle familiar nyttar seg av fulltidstilbodet. Det inneber at barnehagen vert ein viktig oppvekstarena for barna i kommunen. Barnehagen er godkjent etter miljøretta helsevern (2012). Dette underbyggjar at ein arbeider for betre oppvekst- og læringsmiljø for barn i barnehagar.

Barnehagen i Modalen har gode grunnføretnader. Grunnbemanninga er god. Me har ei vedtaksfesta bemanningsnorm på 5 plassar pr. vaksen som er betre enn norma i dei fleste andre kommunar.



Å sikra barn tettare vaksenkontakt er positivt i eit folkehelseperspektiv. Ein får tettare relasjonar med barna og betre høve til å følge opp einskildbarn. Relativt låg vaksentettleik i barnehagen kan vere spesielt negativt for barn med særlege utfordringar. God tidleg støtte og innsats kan redusere framtidig hjelpebehov og fremje livskvalitet og helse.

Modalen barnehage har ei vesentleg lågara brukarbetaling samanlikna med andre kommunar. Prisen ligg godt under maksimalprisivå. I tillegg til dei nasjonale innteksgraderte betalingsattsane, bidreg denne låge brukarbetalinga til at barnehagen vert eit lågtterskeltilbod. Den låge brukarbetalinga bidreg til å utjamne dei sosioøkonomiske ulikskapane i Modalen kommune ved at fleire kan nytta tilbodet.

KOSTHALD

Tidleg kunnskap om fysisk aktivitet og kosthald aukar forutsetnadane for å etablera sunne vanar. Barnehagen følgj retningsliner frå departementet om ernæring i barnehagen. Mat og drikke i barnehagen utgjør ein stor del av barna sitt samla kosthald. Maten som vert servert i barnehagen vert difor viktig for barna si utvikling og helse.



Me har vektlagt eit variert kosthald med lågt sukkerinntak. Barnehagen har låg kostpris og barna får tilbod om frukost, lunsj, frukt og ettermiddagsskiver i barnehagen. Dette sikrar at alle barn i barnehagen får eit sunt og godt kosthald som bidreg til god helse.

FYSISK AKTIVITET

I barnehagen skal barna ha tid og rom til leik. For dei fleste born er leik også fysisk aktivitet.

Det vert lagt vekt på at både frie og styrte aktivitetar har variert innhald slik at dei utfordrar barnet på ulike måtar.

Det å mestre står sentralt i barnet si fysiske og psykiske utvikling. Me har eit godt fysisk miljø både inne og ute med lett tilkome til skog, mark og fjell. Alle avdelingane har fast utetid kvar dag og faste tur dagar. Det at borna skal verta kjende og trygge i nærmiljøet sitt er ein viktig del av turopplegget. Barnehagen sitt uteområde vert nytta av andre barn utanom opningstidene. Det å ha ein leikeplass i eit bustadfelt/nærmiljø kan vere positivt med omsyn til sosial samkome for barn og vaksne.



MOBBING

Arbeidet med å førebyggje mobbing og utestenging startar allereie i barnehagen. Dette er sentralt for å hindre/motverke psykososiale belastningar som igjen kan føra til helseproblem. Me har kompetente vaksne som er tilstades, som ser og høyrer, og som kan gripe inn og rettleie barna på ein god måte. Å arbeide med førebyggjing av mobbing inneber at me kontinuerleg arbeider med sosial kompetanse

OVERGANG BARNEHAGE - SKULE

For å sikre god overgang mellom barnehage og skule er det lagt vekt på eit godt samarbeid mellom dei to einingane. Dette gjeld særleg for dei som går siste året i barnehagen.

Gjennom heile året har ein faste samvær kor førskulebarna får besøke og være med dei som går i 1.klasse, besøke SFO, samt være med på tur dagar. Det er i tillegg satt av ei heil veke til

førskuletilvenning. At ein avset ei heil veke bidreg til å tryggje barna på kva ei skuleveke inneber. Å ha eit fokus på å tryggje barna på kva skule er før skulestart bidreg til tryggare barn som tek til på skulen og at anna læring kan starte tidlegare.

INTEGRERING

Barnehagen bidreg positivt i arbeidet med integrering av flyktningar/nye landsmenn. Kommunen byr på barnehageplassar til alle flyktningebarn. Barnehagen fylgjer dei nasjonale rettningslinjene med 20 timer gratis kjernetid pr. veke. I tillegg er det reduksjon i brukarbetalinga for at barnehage skal vera eit lågterskeltibod. På dette viset vert barnehagen ein viktig arena for å utjamne dei sosioøkonomiske skilnadane.

Barnehagen legg også til rette for forsterka språkopplæring då kunnskap om at felles språk er ein vesentleg faktor i sosialiseringprosessen.





SKULE

Modalen kommune har berre ein skule. Dette er trygt og inkluderande for alle som finn seg til rette, medan det kan opplevast for lite og utrygt dersom ein *ikkje* finn seg til rette, eller ikkje finn nokon å samhandle med.

FYSISK MILJØ

Mo skule er godkjent av *miljøretta helsetilsyn* (august 2013). Elevar og tilsette gjev uttrykk for å vere sær s n gde med inneklimate og reinhalde på skulen. Det vert halde årleg verneunde med verneombod – konkluderer med godt reinhalde. Dette virkar inn på helsesituasjonen m.o.t. allergi, samt trivselsskjensla ein får ved å opphalde seg i eit reint miljø. I eit folkehelseperspektiv styrkar det forutsetnandane elevar har for trivel og læring – som igjen kan legge til rette for eit godt liv i fortsetjinga.

Skulen har godt utstyrte, allsidige og romlege undervisningsareal. Dette gjev moglegheier for fleksibilitet m.o.t. til undervisningsformer. Ein har t.d. egne naturfagsrom, musikkrom, skulekjøkken og romlege lokal for kunst og handtverk. Noko som spelar inn på breidda av moglegheitane ein har til femne om ulike utfordringar ein kan finne i eit elevgruppe.

På uteområdet skulen disponerer er det m.a. ballbinge, romlege leikeareal for frileik, fotballbane (kunstgras). 1. – 4. klasse har uteskule ½ dag for veka kor dei nyttar naturen som er ligg i umiddelbar nærleik til skulen. Ei utfordring ved bruk av fotballbana er at ein må krysse bilveg for å få tilkomst.

Dette har kommunen løyst ved å etablere fartshumar, redusert fartsgrense (30 km/t), samt at dei nyttar synlege vaktar ved overgangen i alle friminutta.

Skulen nyttar i tillegg Bryggjeslottet dagleg til gym, symjing, bibliotek m.m.

SOSIALT MILJØ - MOBBING

Miljøet på skulen er lite med sine 72 elevar (2017) fordelt på 10 trinn. Difor har skulen eit kontinuelig fokus på trivsel og på å motarbeide mobbing og antisosial åtferd.

Mo skule gjennomfører kvart år elevundersøkinga for elevar frå 6. til 10. klasse. Her svarar elevarne anonymt på spørsmål om korleis dei opplever skulesituasjonen. Trivsel og mobbing er viktige tema i denne undersøkinga.

Mo skule er oppteken av at ingen skal oppleve mobbing. Ein veit at i eit folkehelseperspektiv er det øydeleggjande for menneske på både kort og

Elevundersøkinga 2017, 7. klasse: Mobbing som siste punkt syner at Mo skule ligg litt over snittet for fylket og landet.

▼ Elevundersøkinga - grunnskole, 7. årssteget

Eleire tal

Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevarne seie meininga si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat for alle indeksane unntate mobbing. Når det gjeld mobbing, vil låg verdi seie lite mobbing.

Indikator og nøkkeltall	Mo skule	Modalen kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,9	3,9	4,1	4,1
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,7	3,8	3,8
Faglig utfordring	4,2	4,2	4,0	4,1
Felles regler	4,5	4,5	4,3	4,3
Trivsel	4,3	4,3	4,3	4,4
Mestring	3,9	3,9	4,1	4,1
Støtte fra lærerne	4,4	4,4	4,4	4,4
Motivasjon	3,7	3,7	3,9	4,0
Vurdering for læring	3,9	3,9	3,9	3,9
Støtte hjemmefra	4,4	4,4	4,4	4,4
Mobbet av andre elevar på skolen	1,4	1,4	1,3	1,3

Mo skule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2016-2017, Trinn 7, Begge kjønn

lang sikt å oppleve mobbing. Å sikre at mobbing ikkje oppstår er førsteprioritet, men det å ha eit kompetent og effektivt apparat for å oppdage og gripe inn om mobbing oppstår vert 2. prioritet.

▼ Elevundersøkinga - grunnskole, 10. årssteget

Fleire tal

Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevane seie meininga si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat for alle indeksane unntate mobbing. Når det gjeld mobbing, vil låg verdi seie lite mobbing.

Indikator og nøkkeltall	Mo skule	Modalen kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,7	*	3,7	3,8
Elevdemokrati og medvirkning	3,5	*	3,2	3,3
Faglig utfordring	4,0	*	4,2	4,2
Felles regler	3,7	*	3,9	3,9
Trivsel	4,1	*	4,1	4,2
Mestring	4,1	*	3,9	4,0
Utdanning og yrkesveiledning	4,5	*	3,6	3,8
Støtte fra lærerne	4,0	*	3,9	4,0
Motivasjon	3,7	*	3,4	3,5
Vurdering for læring	3,4	*	3,2	3,3
Støtte hjemmefra	4,3	*	4,0	4,0
Mobbet av andre elever på skolen	1,9	*	1,3	1,3

Mo skule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2016-2017, Trinn 10, Begge kjønn

å oppretthalde, og skulen vurderte difor kva som var best eigna i fortsetjinga med omsyn til m.a. å arbeide effektivt mot mobbing.


Skulen tek frå hausten 2017 i bruk programmet PALS (*Positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling*). Hovudtrekk i denne satsinga vert å bidra til å redusere talet på elevar med åtferdsproblem og fremme god sosial og skulefagleg læring. Programmet vert samkøyrert med PPT.

Elevundersøkinga 2017, 10. klasse: Mobbing som siste punkt syner at Mo skule ligg litt over snittet for fylket og landet.

I opplæringslova kom det 1. august 2017 ei skjerping av rettane til eleven, samt skjerping av kommunen si aktivitetsplikt i forhold til mobbing (opplæringslova § 9a).

Denne endringa i lovverket gjer at Mo skule og Modalen kommune må revidere planane for arbeid med skulemiljø for elevane slik at det er i tråd med dagens lovverk

Ein av dei faktorane som beskyttar best mot mobbing og andre negative påverknadar er det å ha ein ven. I følgje ungdomsundersøkinga for 2017 har alle elevane i 10. klasse ein fortruleg ven.



I følgje ungdomsundersøkinga for 2017 svarer 100 % av elevane i 10. klasse at dei har minst ein fortruleg ven.

Fram t.o.m. skuleåret 2016/2017 tok skulen del i Olweus-programmet, som er eit antimobbeprogram. Gjennom denne satsinga har skulen søkt å skaffe seg kunnskap og kompetanse på førebyggjing, samt tiltak dersom mobbing oppstår. Olweus-satsinga vart etter kvart krevjande



Skulen nyttar tid og ressursar for å styrke sosiale relasjonar elevar imellom. T.d gjeld det felles skuletur/fjelltur første veka kvart år ved oppstart av skuleår. Her vektlegg ein å verte kjent med kvarandre og sikre inkludering. Det er mykje bruk av uteskule. Skulen opplever at elevane gjev uttrykk for at dette er ein plass elevane meistrar og at dei styrkjer seg på samhandling.

Elevråd for 5. - 10. trinn er etablert for å styrke medverknaden hjå elevane. Dette sikrar at problemstillingar som vert løfta i klassråd (kvar einskild klasse) skal kunne finne si løysing gjennom gode demokratiske prosessar.

INKLUDERING

Skulen er oppteken av inkludering av alle. Det handlar om at alle skal oppleve å høyre til. Her legg ein til rette for venedagar gjennom sosiale aktivitetar på tvers av trinn. Skulen gjennomfører

fem *fagdagar* kvart skuleår. Her er det fokus på samhandling og inkludering på tvers av klassane. Måltida vert haldne i kantina kor tanken er å styrkje dei sosiale relasjonane mellom elevane. Her sit ein i lag, og måltida skal vere trivselsfremmande.



psykiatrisk sjukepleiar er gode samarbeidspartar i dette arbeidet.

LÆRING

Læringsresultata på nasjonale prøvar og eksamensresultat syner at Modalen skule plasserer seg over landssnittet.

På statistikk som syner karaktersum frå ungdomsskulen viser denne at elevar frå Mo skule som no går på yrkesfagleg retning (samla for VG1,

VG2 og VG3) har betre karaktersnitt enn det nasjonale nivået (*Rapport på sentrale indikatorer i videregående opplæring 2016*).

2016: Elevar frå Mo skule har eit langt høgare snitt på skulepoeng enn på fylkes og landsnivå.

I 2016 fekk me 12 nye borgarar frå Syria. Integrering er tett bunde saman med inkludering og omhandlar m.a. å få kjennskap til kvarandre sine liv og kulturar. Med det utgangspunktet har skulen hatt temadagar om Syria.

Inkludering skal sikre at barn og unge opplever å vere deltakande. Deltaking heng tett saman med livskvalitet (jfr. Nyhendebrev – folkehelsearbeid nr. 3, 2017, Helsedir.). I andre enden av skalaen for inkludering finn me isolasjon, inaktivitet og svake sosiale relasjonar. Dette heng tett saman med nedsatt helse og livskvalitet.

Inkludering ser me i samanheng med fråver. Fråver kan fort verte eit parameter på manglande inkludering/trivsel. Dette vil me finne at som ein av hovudutfordringane innanfor folkehelsearbeidet – fråfall i vidaregåande utdanning og manglande deltaking i arbeidslivet seinare. Fråveret på Mo skule er relativt lågt.

Skulen har etablert rutinar og handlingsplan som raskt skal oppdage og følgje opp elevar som har urovekkande høgt fråver. PPT, helsesøster og

Resultat - grunnskolepoeng

Fleire tal

Grunnskolepoeng blir rekna ut ved at alle dei avsluttande karakterane som er førte på vitnemålet, skal leggjast saman og delast på talet på karakterar, slik at ein får eit gjennomsnitt. Etterpå skal ein gonge gjennomsnittet med 10.

Indikator og nøkkeltall	Mo skule	Modalen kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt	48,3	48,3	41,5	41,1

Mo skule, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, 2015–2016, Trinn 10, Begge kjønn

Ein skule med god kvalitet på læringa og som rustar elevar med god kunnskap på vegen vidare i livet, vil vere eit viktig folkehelsebidrag i forhold til tilgang på vidaregåande utdanning, høgskule og arbeidsliv.

I elevundersøkinga (2016, Udir.no) er det særleg aktuelt å trekkje fram at Modalen skule leverer godt over snitt (kommunegruppe, fylke og nasjonen) når det gjeld rettleiing av elevar for vidaregåande utdanning/yrke.

7.klassingane gjev tilbakemelding om over snittet høg grad av motivasjon i skulesituasjonen sin, og dei same elevane peiker på at dei har over snittet oppleving av støtte frå heimen sin. Trivselen er god (på snitt), meistringsopplevinga er god (på snitt), lærarstøtta er god (på snitt).

Skulen har hatt ein urovekkande høg del elevar med spesialpedagogisk vedtak knytt til seg. I 2014 hadde 30 % av elevane slikt vedtak (tal frå Mo skule). Skulen inngjekk samarbeid med StatPed Vest kor systemarbeid vart iverksatt. Tilpassa opplæring vart styrka, lærarane vart styrka og i 2017 var prosendelen redusert til 11. Målet er å komme ned på om lag 4 – 5 %. Her arbeider skulen godt med PPT (Vaksdal).

Personalet ved Mo skule er relativt stabile - det er lite turn-over. Det er tilstrekkeleg med lærarar og dei er godt utdanna (Jahn Olav: tabelloversikt over lærarar, m/ tilleggstud, ufaglærte m.m.).

Det er råd å sjå nærare på kva moglegheiter det er for at fleire elevar skulle kunne nytte sykkel til og frå skulen. Ein veit at overvekt og diabetes er ein stigande helsersisiko og at dette er aktuelt å vurdere i forhold til elevar i Modalen.

Moglegheitskartlegging i samråd med elevar vil kunne klargjere evt. behov knytt til sikrare skuleveg, trafikkisikringsfokus / trygg trafikk.

Det er satt i gang eit arbeid i kommunal regi kor ein søkjer å greie ut og etablere turveg frå Helland byggjefelt og ned mot Mo sentrum. Dette vil kunne gjøle elevane auka tilgang på tilkomstveg som styrkjer forutsetnadane for aktivitet.

▼ Ressursar - grunnskole

Fleire tal

Tala seier noko om ressursinnsats og prioritering i grunnopplæringa både frå kommunane og private skolar.

Indikator og nøkkeltall	Modalen kommune skoleieir	Kommunegruppe 16	Hordaland fylke	Nasjonalt
Årsverk for undervisningspersonale	11,7	296,3	5 487,1	55 634,1
Antall elevar per årsverk til undervisning	7,5	8,9	12,5	12,3
Antall assistentårsverk i undervisningen	2	47	801	8 423
Antall elevar per assistentårsverk i undervisningen	52,3	49,2	75,5	72,0
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	13,0	16,0	14,6	15,1
Lærertetthet 1.-7. trinn	9,0	9,5	13,4	13,4
Lærertetthet 8.-10. trinn	6,9	10,9	14,9	14,2
Lærertetthet i ordinær undervisning	11,0	12,6	17,1	17,0
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	93,7	98,3	95,9
Lærertimer som gis til undervisning	7 467	185 376	3 459 313	35 211 287
Undervisningstimer totalt per elev	95	80	57	58

Modalen kommune skoleieir, Grunnskole, Undervisningspersonell, Offentlig, 2016-2017, Alle trinn, Begge kjønn

Indikatorar/nøkkeltal som syner ressursituasjonen v/ Mo skule samlikna med kommunegruppe, fylket og nasjonen.

Rektor viser til at det er 1 – 2 lærarar på vidare- og etterutdanning kvart år. Dette har vore ei medviten satsing frå kommunen si side. Gode lærarar er ein forutsetnad for kvaliteten i skulen. Ein skule med god kvalitet på undervisninga styrkjer elevane.

SKULEVEGEN

Rundt 50 % av elevane sit på med bil eller buss til og frå skulen, resterande del bur i nærområdet og går eller sykklar. Det er ca 15 km frå skulen og opp til Straume – som er den lengste avstanden for elevar som vert køyrd med buss. Skulen har òg elevar frå Vaksdal kommune, men desse er ikkje inkludert i denne vurderinga.

SFO

SFO er den arenaen kor barn kan få vere saman med andre barn i ein meir uformell samanheng. Deltakinga styrkjer dei på leik og sosiale relasjonar.

Ved Mo skule har alle elevar i 1. – 4. klasse tilbod om gratis SFO i skuletida kvar dag.

Den første timen av SFO-tida er gratis. Då

går det føre seg leksehjelp. I tida 12.30 – 14.15 er det leik, men ikkje alle tek del.

Denne tida vil nokon måtte tilbringe heime – kanskje utan foreldre til stades.

SFO er ein integrerings- og inkluderingsarena. Ein veit at den økonomiske kostnaden kan vere ein direkte årsak til at barn ikkje får ta del. Foreldre må prioritere. Det er nettopp dette folkehelseperspektivet skal ta opp: skapar me skilnader mellom barn basert på familieøkonomi? Det er viktig å ha med seg at barnefattigdommen aukar i Noreg, og at dette ei gruppe som i liten grad rettar opp handa for å varsle om sine vanskar.

FORELDRE

Rektor opplever at det er ei positiv foreldregruppe ved skulen. Konfliktnivået er lågt. Samstundes opplever ein at det er rom for meir samarbeid med foreldra (FAU). Dette kan ha samanheng med kva praksis/tradisjonar ein har etablert over tid. Ein har moglegheit for å utvikle skulen dersom alle aktørar får ei reell medverknadsrolle. Det vil t.d. kunne vere å få førelagt saker til diskusjon, vert bedne om råd m.m.



ELEVAR UT I VERDA

Modalselevane har i liten grad kontakt med elevlar frå andre skular. Mo skule vektlegg difor å førebu elevane for det som møter dei etter at dei er ferdige med grunnskulen. Eit skulemiljø som er langt større enn det dei kjenner frå før kan verte ein stor overgang og utfordre kjensla av tryggleik.

Skulen har faget *utdanningsval* kor elevane får hospitere på vidaregåande skular og verksemder i løpet av dei siste 2 åra i grunnskulen. I tillegg deltek skulen på utdanningsmesser og opne dagar ved vidaregåande skular i fylket.

I samarbeid med kulturkontoret arrangerer skulen tur kvart år til Bergen for å vitje teaterframsyning/DNS eller andre kulturinstitusjonar.

På ungdomssteget nyttar skulen kvart år tid til å fokusere på psykisk helse. Dette heng saman med å førebyggje, samt å oppdage teikn som søvnproblem, negative tankar om framtida, einsemd, bekymring, oppleving av slit/nedtemt. Ein veit at dette er viktige signal å ta fatt i.

Helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar er tilgjengelege for elevane heile året.



RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

Små og oversiktlege forhold ved barnehage og skule gjer at det er kort veg til å gripe inn og styre utviklinga.

Eit godkjent innemiljø (Miljøretta helsevern) i barnehage og skule.

Barnehagen har full dekning og redusert pris. I tillegg er det over nasjonalt snitt på bemanningsnorm.

Alle barn over 3 år i Modalen nyttar barnehagen (2017).

Barnehagen har etablert gode samarbeidsrutinar med skulen for overgang frå barnehage til skule.

Skulen har gode fasilitetar til å drive variert undervisning. I tillegg gode og innholdsrike uteområde som sikrar variasjon. Her nyttar skulen i stor grad friluftsområda og Bryggjeslottet til leik og undervisning.

Skulen har ei aktiv haldning til å styrke læringsmiljøet gjennom PALS (Positiv adferd, støttende læringsmiljø og samhandling).

Skulen har ei fagsterk, erfaren og stabil personalgruppe.

Skulen er oppteken av og har etablert teneste som skal vere lett tilgjengeleg for barn/unge som strevar psykisk.

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

Sikre gode, systematiske planar og utvikle praksis for å førebyggje og handtere mobbing.

Korleis sikre at fleire elevar kjem seg til skulen gjennom å sykle eller gå.

Sikre at alle elevar får ta del på SFO i størst mogleg grad.

Liten barnehage/få barn, avhengig av barn frå andre kommunar for å oppretthalde fagmiljø og kvalitet.

Barnehagen er avhengig av å kjøpe tenester ein ikkje sjølv har i kommunen.

Plasseringa til barnehagen kan vere ein utfordring fordi det krev at barn vert køyrt til og frå. Det er ikkje kollektivløysingar som samsvarer med opningstidene.

Elevane har lite kontakt med verda utanfor Modalen. Dette kan gjere at det vert vanskelegare for unge å velje å ta steget ut i verda. I tillegg er det ein utfordring at ein langt på veg må flytte på hybel for å gå på vidaregåande skule.

OMRÅDE FOR UTVIKLING

Kartleggje og overvake utviklinga over tid innanfor mobbeproblematikken. Samkøyre barnehage og skule slik at kunnskap og praksis kan delast og utviklast.

Vurdere om det er råd å legge til rette for at fleire elevar kan gå eller sykle til skulen.

Utarbeide plan for korleis sikre at foreldra kan ta meir del i utviklinga av skulen.

Fleire barn i barnehagen! Tiltak for å styrkje folketalet.

FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ.

Under ulike *miljø* er det i oversiktsarbeidet valgt å vektlegge gang- og sykkelveg, grønt-/friluftsområde og Bryggjeslottet. Disse representerer viktige område for folkehelsa når det gjeld kvar innbyggjarane rører seg, men òg i forhold til tilgjenge til offentlege samlingsstadar. I tillegg ser me at ungdomsmiljøet og frivillig del er sentrale område å rette merksemda mot.

GANG- OG SYKKELVEG

Modalen har ein hovudveg som kjem frå Lindås (FV 569) inn til Mo, og vidare i retning Eidsland. I tillegg er det fylkesveg 345 som strekkjer seg gjennom dalen frå Mo og opp til Steinsland med tilhøyrande stikkvegar.

Fylkesvegane er på mange område smale utan at det ligg føre statistikk som tyder på særleg ulukkesfrekvens. Hovudfokus er lagt på den ca. 15 km lange vegen gjennom dalen i fortsettinga. Vegen dekkjer eit område med spreidd busetnad (hovudbusetnaden i Modalen), og sytte frå gamalt av for at gardar og bygder vart knytte saman.

Mangel på fortau/sykkelveg kan vere ei folkehelseutfordring i kommunen. Både fordi det auker risiko for skadar og ulukker (7 skadar i perioden 2000 – 2016, statistikk.ivist.no) for mjuke trafikkantar, men og fordi det reduserer moglegheitane kor ein kunne ha opplevd fysisk aktivitet ved å flytte seg mellom ulike stadar til fots/rullestol eller sykkel.

I ljøs av dette vil det vil vere eit viktig folkehelsefokus å vurdere satsing på gang- og sykkelvegar, t.d. slik tenkt på strekket mellom Helland og Mo. Å *ikkje* gjere noko med denne utfordringa opprettheld risiko for skadar/ulukker, men vil og i fortsetjinga vere medverkande årsak til redusert fysisk aktivitet for innbyggjarane våre. Me trur at dersom barn og unge hadde hatt betre gang- og sykkelvegssystem så ville det kunne

påvirke deira moglegheitane til å røre seg mellom ulike sosiale treffpunkt, noko som ville ha gjeve moglege sosiale vinstar. Slik det er i dag må ein i for stor grad køyre barn/unge til aktuelle arrangement/treff på Mo.

GRØNT-/FRILUFTSOMRÅDE OG BRYGGJESLOTTET

Modalen har god tilgang på grønt- og friluftsområde – det ligg naturleg rundt oss i form av fjell, elva og landlege område. Det er tilrettelagte område som t.d. sandstrand nede ved Mo, turstiar som gjev tilkomst til ulike naturområde og delvis turveg frå Helland og nedover i retning Mo. Det kan likevel vere aktuelt å sjå nærare på kva kommunen har av viktige område som er tilgjengelege. Her kan ein t.d. gjere ei kartlegging og verdsetjing av dei områda som finns. Det vil kunne auke kunnskapen om *kva* me har, kva det kan ha av *nytteverdi* for ulike grupper og kva ein skal vurdere å sikre/utvikle framover.

Grønt-/friluftsområde har ulik verdi i forhold til ulik bruk og ulike grupper. I eit folkehelseperspektiv er det naudsynt å sjå *utover* den fysiske aktiviteten som naturen i seg sjølv byr på. Å ha kunnskap om dei ulike områda kan gje oss høve til å tilrettelegge for t.d. sosiale møteplassar, utvikling av nærmiljø og finne gode løysingar som kan redusere biltrafikk og auke ferdsel til fots o.l. Områda kan i tillegg innby til fellesprosjekt mellom menneske.

Bryggjeslottet er kommunen sitt allaktivitetshus. Her finn ein idrettshall, symjebasseng, treningsstudio, bowlingbane og bibliotek. Dette representerer gode møteplassar med universell tilkomst. Bygget vert i tillegg nytta til konsertar og ulike fellesarrangement. Modalen kommune prioriterte midt på 2000-talet å byggje eit slikt hus for innbyggjarane sine (ferdigstilt 2007). Dette har bidrege til at ein har fått ei storstove/samlingsstad som gjev fellesopplevingar, tilgang til aktivitetar og er ein samlingsstad for alle i bygda. Frivillige lag og organisasjonar er aktive brukarar av huset. Biblioteket med si folkeopplysningsrolle har i tillegg *sørge* for at innbyggjarane har ein samlingsstad for m.a. forfatterbesøk og tilgjengeleg breiddelitteratur.

Bryggjeslottet har gjeve eit løft til einskildpersonar, men og til ulike lag/organisasjonar og kommunen i forhold til å samle innbyggjarane omkring felleskjensla av å vere *ein* kommune. I tillegg har ein ved å gje tilgang til basseng/trening til ein låg pris auka forutsetningane for at alle kan drive fysisk aktivitet. Dette gjev grobunn til rekruttering til handballag m.m. Eldre nyttar t.d. bassenget jamnleg og syt for gode sosiale treffpunkt som inkluderer fysisk aktivitet.

Det er sannsynleg at det er ein god kommuneøkonomi over tid som har gjeve grunnlag for både etablering og drift av Bryggjeslottet. Slik sett kan det vere aktuelt å peike på at dette som tiltak er verdt å satse vidare på, og kanskje vidareutvikle. Bryggjeslottet framstår som ein av dei viktigaste vidaresatsingane i framtida når det gjeld folkehelse. Her er terskelen låg (inkl. økonomisk) for inkludering når det gjeld barn/unge, eldre, innvandrarar m.m. Det syt og for å jamne ut moglege skilnader som kunne ha oppstått knytt til ulik økonomisk evne til å ta del.

ANDRE MØTESTADAR

Kommunen er merksam på at me må sikre inkludering gjennom tilgjengelege møteplassar. Å utjamne sosiale og økonomiske skilnader er viktige innsatsområde som må rettast mot barn. Det gjer me i Modalen barnehage.

Her er det sikra tilgjengelege plassar året rundt og høg vaksenttleik. Samstundes er det lågare foreldrebetaling enn staleg makspris. På det grunnlaget ynskjer me å sikre barnehageplass til alle – også risikogrupper. Kommunen ser barnehage og skule i ein samanheng på mange område, men særleg retta mot psykisk helse, mobbing og haldningsarbeid retta mot kosthald og sunne levevanar. Her har barnehagen bygd si verksemd rundt inkluderande og deltakande fellesaktivitetar.

Barnehagen og skulen gjennomfører jamnleg undersøkingar blant foreldre/elevar for å kunne

få kunnskap om korleis tenestene vert opplevd av brukarane. Dette skal bidra til at innsats kan setjast inn på område kor det er dokumenterte behov. Barnehagen og skulen sitt arbeid er noko av det viktigaste arbeidet som går føre seg i Modalen kommune når det gjeld folkehelse. Å ha ein best mogleg start sikrar ein mot fråfall seinare i skuleløpet og fråfall i arbeidslivet. Dette spelar inn på mogleg familieetablering og psykisk helse. Desse skal igjen kanskje verte foreldre ein dag.

Me trur at arbeidet i barnehage og skule er hovudinnsatsområde også i framtida i forhold til inkludering, folkeopplysning, fellesskap og haldningsarbeid. I tillegg vil me styrkje øvrig arbeid som rettar seg inn mot barn og unge. Kommunen har tilsett miljøarbeidar i 20 % stilling som har ansvar for fritidsklubb for barn frå 5. – 10. trinn.

Bryggjeslottet



DRIKKEVASSKVALITET

Kommunen har 4 vassverk, 2 av desse er godkjent av Mattilsynet. Alle leverer grunnvatn til sine abonnentar. Det er ca 50 % av innbyggjarane som er tilknytt kommunalt vassverk (Folkehelsebarometer, 2017).

Vassprøvar tekne viser tilfredsstillande

3.3.1.1 Drikkevasskvalitet - analyseresultat mom E.Coli





Diagramma viser tal personar i % knytt til vassverk med tilfredsstillande analyseresultat mot E.Coli / koliforme bakterier. E.Coli er ein tarmbakterie som indikerer fersk fekal forureining.

Kjelder: Folkehelseinstituttet, Kommunehelsestatistikkbank

analyseresultat. Drikkevatt fritt for smittestoff er ein vesentleg føresetnad for folkehelsa, og E.Coli er eit av dei mest sentrale parameter for kontroll.

Kommunen har innført varsling pr. SMS/talemelding som varslar abonnentar dersom drikkevattnet kan vere av helsefarleg kvalitet.



Figuren syner korleis drikkevassforsyninga er m.o.t. tilfredsstillande resultat, hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet. (fhi.no).

SOSIALT MILJØ OPPVEKST

Modalen kommune gjennomførte våren 2017 Ungdata-undersøking blant ungdomskuleelevene (10. klasse). Her kan ein finne indikasjonar på korleis dei unge opplever å vekse opp i Modalen og korleis dei opplever faktorar ved det sosiale miljøet.

Viktige funn:

- 100 % opplever å ha minst ein fortruleg ven (90 % nasjonalt).
- 73 % er nøgd med lokalmiljøet sitt (70 % nasjonalt).
- 92 % føler seg trygg i nærområdet sitt (90 % nasjonalt).

Kjelde: Ungdata 2017, Modalen kommune.

FRIVILLIG SEKTOR

Modalen kommune har mange lag og organisasjonar som utgjer den frivillige delen av samfunnet si velferd. I tillegg er det

einskildpersonar som også bidrar sterkt. Mange personar tek del i fleire lag.

INTEGRERING

Modalen kommune har ein høg del innbyggjarar med bakgrunn frå andre land. I tillegg busette kommunen i 2016 12 flyktningar frå Syria. Dette bidreg til eit mangfaldig lokalsamfunn.

Kommunen har lite erfaring knytt til å sikre god integrering i arbeids- og daglegliv for nye innbyggjarar utover introduksjonsprogrammet som går føre seg dei første 2 åra.

Det vil vere vesentleg at barnehage, skule og alle gode krefter arbeider godt saman

for å sikre god inkludering på alle nivå slik at integreringsarbeidet kan bidra til eit godt liv for alle som buset seg i Modalen. Dette gjeld særleg i forhold til barnefamiliar slik at me på kunnskapsvis klarer å setje inn tiltak som fremjar folkehelsa på område kor det erfaringsvis (nasjonalt) har vore utfordringar med negative lagtidsverknadar.

RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

Modalen har ein flott og variert natur med umiddelbar tilgjenge.

Gode tilrettelagte område som t.d. sandstrand, turstiar, delvis turveg mellom Helland og Mo.

Bryggjeslottet representerer mange og varierte både fysiske og øvrige kulturelle tilbod for innbyggjarane. I tillegg er huset ein viktig sosial møtestad.

Barnehage med god kapasitet, god vaksenttleik og fokus på inkludering. Legg til rette for haldningsarbeid knytt til kosthald, samt å kunne nå ut til alle familiar med råd og rettleiing.

Fritidsklubb for barn/unge.

Mange som tek del i frivillig arbeid, lag og organisasjonar.

Nye innbyggjarar med flyktningbakgrunn.

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

Smale vegar utan tilrettelegging for gåande eller syklende, samt dårleg vegstandard som representerer risiko for ulukker, jfr. oppvekstkår, skule.

Uvisse om me har gode nok, og tilstrekkeleg med sosiale møtestadar.

Sikre god integrering av nye innbyggjarar med flyktningbakgrunn.

AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIKLING

Vurdere å auke delen gang- og sykkelveg i kommunen. Dette vil kunne legge til rette for auka fysisk aktivitet i staden for bilkøyning.

Kartlegge og verdsetje aktuelle friluftsområde i kommunen.

Vurdere t.d. nærområdeutvikling for m.m. å initiere fellesprosjekt mellom innbyggjarar – utvikle sosiale møtestadar.

Vurdere vidareutvikling av Bryggjeslottet for å sikre betre tilgang og tilbod til alle innbyggjarane våre.

Utarbeide plan for korleis ivareta det frivillige miljøet på best mogleg vis.

Utarbeide plan for integrering av nye innbyggjarar med flyktningbakgrunn.

SKADER OG ULUKKER

Kvart år dør det 2500 menneske i Noreg av skader medan 300 000 menneske vert behandla på sjukehusfor (www.fhi.no). Ulukker er den viktigaste dødsårsaka for nordmenn under 45 år.

Ulukker kan føre til varige skadar eller død. Konsekvensar av skadar eller ulukker kan difor bidra til at innbyggjarar opplever reduksjon i livskvalitet, eller at mange leveår som kunne vore gode forsvinn.

Å unngå skadar og ulukker handlar mykje om å ha kunnskap om kvar dei oppstår, kvifor dei oppstår og kven som vert ramma. Med dette utgangspunktet kan me førebyggje at skadar og ulukker finn stad.

Det vil alltid vere ein viss risiko i samfunnet vårt, men ein kontinuerlig innsats for å redusere denne risikoen har viktig innverknad på folkehelsa.

SKADER OG ULUKKER

Område det er naturleg å tenkje seg er trafikken, heimen, aktivitet/friluftsliv, barnehage/skule/aldersheim, brann og arbeidsliv. Statistikken for Modalen syner at det i perioden 2000 – 2016 var ingen drepte i trafikken (statistikk.ivist.no). I same periode er det registrert 7 lettare skadde. Me har fokusert spesielt på barnehage i fortsetjinga.

Modalen kommune har relativt lite biltrafikk, men likevel er det ein risiko knytt til at det ikkje er fortau langs vegane. Det er i hovudsak eit-feltsvegar i områda kor folk bus, noko som fører til at det er vanskeleg å leggje til rette for gåande og syklande.

Ein kjenner til at sikre vegar/gangfelt/fortau, samt godt haldningsarbeid allereie frå barnehagen av har god førebyggande effekt og gjev gode resultat.

I perioden 2013 – 2015 har Modalen eit snitt pr. år når det gjeld personskadar som vart behandla på sjukehus på 4,7. Det er relativt lågt, men ein vil heile tida arbeide for å redusere ytterlegare ned mot 0.

TILTAK FOR Å FØREBYGGJE SKADER OG ULUKKER

Modalen kommune er oppteken av å sikre eit godt og velfungerande HMT-system ut i alle einingar. Dette vil vere ei satsing i åra framover.

Barnehagen er ein sentral førebyggjings- og haldningsskapande arena i kommunen.

I 2015 deltok to i personalgruppa på kurs i korleis lære barn i barnehagealder om trafikk gjennom eit opplegg som heiter Tarkus. Dette opplegget hadde dei opplæring i for resten av personalet i etterkant. Programmet vert nytta aktivt.

Det kom besøk frå Trygg Trafikk på foreldremøter som m.a. informerte om sikring av barn i bil. På dette kurset vart også skulen invitert til å ta del. Det er ikkje registrert større ulykker i barnehagen, kun småskadar. Kontroll lekeplass/sikring/HMS i bhg, inkl. skog vert gjort etter rutine.

Når det gjeld haldningsarbeid i høve brann så har barnehagen på planleggingsdagen ved oppstart på nytt barnehageår opplæring av personalet i alarmplan og målsetjing med brannvernsarbeidet i barnehagen.

Det vert testa sløkkeutstyr og ein går igjennom rømningsvegar og fordeling av ansvarsoppgåver. Alt nytt personal i barnehagen får opplæring i alarmplanen.

Barnehagen deltek i den *Nasjonale brannvernveka* årleg (september), der ein fokuserer spesielt på brannvern. Barnehagen testar alarmklokkene saman med barna og øver på kva ein skal gjere når ein høyrer desse.

Barnehagen har også eit opplegg for barn innan brannvern som heiter *Eldar og Vanja* som tidvis vert nytta. Elles vert det gjennomført fleire både

varsla og ikkjevarsla evakueringsøvingar i løpet av året. Dette vert evaluert med omsyn til forbetring.

Å satse på brannvern allereie i barnehagen er eit tiltak som skal bidra til at kommunen sine innbyggjarar vert aktive i førebyggingsarbeidet slik at færrest råd skal bli skadd eller døy i brann.

I 2016 gjennomført kommunen ein ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse). Denne peika m.a. på å risikovurdere større arrangement som m.a. modalsdagane. Dette fulgte ein opp ved å i samarbeid med *Lindås, Meland og Modalen brann og redning* i 2017. Slik kunne ein styrkje sikringa av publikum m.o.t. til både brann og drukningsulukker.



I samband med friluftsliv er det førebyggjande at turar og område folk ferdast i er sikre. Dette vert ivaretatt gjennom å skilte trasèar, unngå område som kan vere rasutsett, fare for høge fall m.m. Modalen kommune samarbeidar med idrettslaget og turlaget m.a. for å skilte og tilrettelegge turstiar.

I trafikken kan ein vurdere å gjere kartleggingar for å sjå på om delar av vegnettet utgjer risiko for skader eller ulukker. I tillegg bør ein vurdere å verte ein *trafiksikker kommune* i samarbeid med Trygg Trafikk.

RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

Ingen drepte i trafikken i perioden 2000 – 2016. 7 skadde i same periode. Dette syner at innbyggjarar i Modalen kommune har låg ulukkesrisiko i trafikken.

Godt HMT-system i den kommunale verksemda.

Barnehagen jobbar godt med brannførebygging. Dette har god effekt på haldningar vidare i livet.

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

Ingen fortau eller sykkelvegar. Sikre gåande og syklande. Dette reduserer aktiviteten blant barn og unge (og andre) m.o.t. sykling og ferdsel mellom ulike punkt.

AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIKLING

Sikre eit godt HMT-system ut i alle einingar – utvikle aktiv deltaking.

Vurdere korleis vegar/stiar for gåande og syklande kan etablerast/utviklast som alternativ til bilveg.

Vurdere å bli ein trafiksikker kommune (Trygg trafikk).

HELSERELATERT ÅTFERD

Helsetilstanden hjå det norske folk er generelt god. Levealderen har auka jamnt siste 170 år. Det er likevel sosiale skilnader i helse. Nasjonale oversikter viser at psykiske plager og sjukdommar er ei stor helseutfordring, og at sjukdommar som kan henge saman med livsstil er mellom dei viktigaste årsakane til tapte leveår.

Dei 5 største årsakane til tapte leveår er hjertesjukdom, hjerneslag, lungekreft, tjukktarmskreft og kols. Nokre av dei kjente risikofaktorane for dette er usunt kosthald, røyking, skadeleg alkoholforbruk og fysisk inaktivitet.

Dei 5 leiande årsakene til helsetap er korsryggsmerter, alvorlig depresjon, angstlidingar, nakkesmerter og fallulukker. (st.mld 19 – Folkehelsemeldinga).

Ein har ikkje grunn til å tru at Modalen kommune skil seg nemneverdig frå landet elles. Det er lite helsedata å finne for vår kommune då talgrunnlaget oftast blir for lite til å utarbeide påliteleg statistikk.

Korleis me lever liva våre kan påverke helse – både i tapte år og i livskvalitet.

FYSISK AKTIVITET OG KOSTHALD

Eit sunt variert kosthald kan førebyggje mangelsjukdommar og saman med jamnleg fysisk aktivitet kan dette verne mot hjarte-kar-sjukdom, overvekt og kreft. Gode vaner blir etablert tidleg i livet.

Det har ikkje vore gjennomført noko kosthaldsundersøking i Modalen, så vi veit ikkje kva folk et.

Frå folkehelseinstituttet (Folkehelsebarometer 2017) finn vi at det er fleire som får behandling med legemiddel mot diabetes type 2 i Modalen samanlikna med andre kommunar i Hordaland og landet forøvrig. Her i kommunen mottek ca 5% av folkesetnaden slik medisin, mot ca 3 % elles i

landet. Diabetes type 2 er ein livsstilsrelatert sjukdom som kan førebyggjast, og til ei viss grad behandlast ved omlegging av kosthald og med meir fysisk aktivitet.

Me veit at informasjon til foreldre via helsestasjon, barnehage og skule om sunt og godt kosthald bidrar til auke kunnskap om korleis famliar/einskildpersonar kan ta gode val og lage seg gode vanar gjennom livet.

Måltid som vert servert i barnehagen og skulen set fokus på sunne råvarer og variert kost. At barn og unge får tilgang på grovt brød/knekkebrød, sunne pålegg og frukt og grønt, vert ei klar motvekt til usunne alternativ.



Eige kjøkken på aldersheimen har fokus på sunn og variert kost for dei eldre.

Dette sikrar i tillegg at eldre heimebuande og andre med helseutfordringar kan få kjøpt middag frå aldersheimen. For mange eldre/einslege kan det vere krevjande både praktisk og økonomisk å halde eit variert kosthald det skal tilretteleggjast for berre ein person.

Barnehagen og skulen har merksemda si retta mot fysisk aktivitet og å bruke naturen som arena. Modalen idrettslag syt for organisert aktivitet på fritida gjennom tilbod om ulike aktivitetar. For dei eldre er det tilbod om fysioterapeut som held

treningssamling for godt vaksne/eldre èin gong i veka.

Bryggjeslottet tilbyr trimrom, basseng og hall med rimeleg årskort – inkl. nøkkel for alle busette i kommunen. Modalen er ein kommune med mykje natur om er godt tilgjengeleg. Kommunen har i samarbeid med idrettslaget og turlaget over år arbeid for å merke/tilrettelegge turstiar og turvegar. Det er også tilgjengeleg kunstgrasbane som er open for alle.

Det er ein stor del kommunalt tilsette i Modalen kommune (største arbeidsgjevar). Eit viktig tiltak for å sikre ein god helseutvikling er at tilsette får nytte arbeidstida til trening i - èin time pr. veka.



RØYKING OG SNUS

Frå *Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt* finn ein at talet på daglegrøykjarar har gått ned i nesten heile Hordaland når ein samanliknar perioden 2003-2012 med perioden 2004-2013.

I Modalen har nedgangen vore 3%, noko som er mellom dei beste kommunane når det gjeld prosentvis nedgang. Modalen har likevel framleis litt fleire røykjarar enn snitt for fylket. Her er ca 15% daglegrøykjarar mot 10 % i fylket.

Snus er helseskadeleg og avhengigheitsskapande. Medan talet på folk som røykjer i landet går ned, stig talet på dei som brukar snus. Me har ikkje data som seier noko om bruk i Modalen. Det er ikkje noko som tyder på at trenden er annleis her enn på landsbasis.

Gode tiltak som har bana vegen for nedgang i røyking har vore haldningskampanjar, røykeforbod på ulike stadar, høgare aldersgrense samt redusert tilgjenge/synlegheit i butikk. Det vil vere viktig for Modalen å oppretthalde aktuelle nasjonale kampanjar også i åra framover.

I tillegg vil den lokale helsetenesta tilby råd og hjelp dersom innbyggjarar ynskjer støtte til å slutte å røykje/snuse.

Å leggje til rette for røykfrie arbeidsplassar har vore eit godt tiltak som er særst aktuelt å vurdere for alle arbeidsgjevarar som driv verksemd i Modalen. Vinsten er betre livskvalitet for den einskilde.

ALKOHOL

Når det gjeld rus og folkehelse er alkohol utan samanlikning den største utfordringa (Kompetansesenter for rus- KoRUS).

Alkoholbruk kan føre til sjukdom, vald og ulukker. Undersøkingar på landbasis viser at alkoholbruken aukar, spesielt hjå eldre (KoRus). Me har ikkje data på alkoholbruk i Modalen. Det er ikkje Vinmonopoli i kommunen, medan det er èi verksemd med skjenkeløyve.

I tillegg kan Bryggjeslottet ha servering ved lukka arrangement, samt at andre kan søkje om skjenkeløve ved arrangement.

Å ha ein restriktiv alkoholpolitikk bidrar til å redusere tilgjenge og bruk av alkohol. Gjennom å setje fokus på godt haldningsskapande arbeid i skulen kan me bidra til å danninga av dei som i framtida skal forvalte eit det alkoholpolitiske området slik at dei kan ta val basert på kunnskap om alle aktuelle faktorar som spelar inn.

Den kommunale helsetenesta, v/ psykisk helse, helsestasjon og legekantor er merksamme på å fange opp og setje inn tiltak i sine møter med innbyggjarane.

RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

Det er etablert gode tiltak i barnehage, skule og aldersheim m.o.t. måltid/kosthald og haldningsskapande arbeid.

*Barnehage og skule er aktive brukarar av naturen.
Dette sikrar gode vanar for barn og unge.*

Godt organisert idrettslag med gode tilbod.

*Bryggjeslottet har gode og varierte aktivitetstilbod
til heile befolkninga, inkl. treningssamling med
fysioterapeut for eldre.*

Gode merka og rydda turveggar i skog/fjellmiljø.

*Kommunalt tilsette får 1 t. treningstid i arbeidstida
pr. veke.*

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

*Fleire innbyggjarar under behandling for diabetes
type-2 enn andre kommunar i Hordaland og landet
for øvrig.*

*Høgare del daglegrøykjarar enn fylket. Stgande tal
på innbyggjarar (trend nasjonalt) som nyttar snus.*

AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIKLING

*Vurdere tiltak som rettar seg mot livsstilsrelaterte
sjukdommar (diabetes, ...).*

Styrkje fokus på nasjonale antirøykjekampanjar.

Styrkje fokus på røykfrie arbeidsplassar.

HELSETILSTAND

Når det gjeld levealder og helse kan ein kort oppsummere at levealderen i Noreg har auka for alle. Statistikken viser også at dei befolkningsgruppene som har lang utdanning og høg inntekt har betre helse enn dei med kortare utdanning og lågere inntekt.

For å kunne seie noko om helsetilstand og levealder i ein befolkning må ein ha eit visst grunnlag for å kunne samanlikne og dra slutningar. Sidan Modalen har så lågt folketal (383 stk. pr. 31.12.16) finns det lite statistikk som kan hjelpe oss å seie noko om korleis helsetilstanden er i befolkninga. Berre på nokon få utvalde område er tala sin tale så klare at ein kan peike på ein tendens.

Me må difor i stor grad basere folkehelsevurderinga ut ifrå eit større datagrunnlag, til dømes Hordaland eller heile landet. I tillegg må me bruke den kunnskapen som finns i organisasjonen og lokalmiljøet om særskilte tilhøve hjå oss som kan påverke folkehelsa i positiv eller negativ retning.



LEVEALDER OG UTDANNING

Forventa levealder er eit omgrep som fortel kor lenge ein forventar at eit barn som er fødd i 2017 vil leve. Forventa levealder i Noreg har auka jamt i

tråd med velferdsutviklinga. I dag er denne 84 år for ei kvinne og 80 år for ein mann. Befolkninga i Hordaland har ein levealder som samsvarer med landsgjennomsnittet. Me må difor anta at det er slik i Modalen også.

Eit interessant fenomen er koplinga mellom levealder og utdanningsnivå, for her viser statistikken at dei som har vidaregåande skule eller høgare utdanning i snitt lever 5 år lengre enn dei som berre har grunnskule. Å sikre at alle fullfører vidaregåande skule er difor viktig i eit folkehelseperspektiv.

PSYKISKE SYMPTOM OG LIDINGAR

Statistikken viser snitt av personar i befolkninga som har vore i kontakt med fastlege eller legevakt med psykiske plager ein eller fleire gonger i løpet av eit år. I 2010 låg Modalen langt over lands- og fylkessnittet, men talet har gradvis gått nedover og me ligg no *under* land og fylke. Det kan vere mange årsaker til denne positive utviklinga, men det er freistande å trekkje inn to faktorar som kan ha verka inn:

1. Aktivitetstilbodet i kommunen har fått større breidde og mangfald gjennom tilbodet i Bryggjeslottet, samt at kommunen har eit aktivt idrettslag. Tilboda har vorte fleire, og det er større sjanse for at det finns ein aktivitet som passar den enkelte.
2. Kommunen har styrka tilgang og kompetanse innan psykisk helse med psykiatrisk sjukepleie og psykolog. Dette gjer at ein kjem tidlegare i dialog, og kan arbeide meir førebyggjande inn mot born og ungdom.

MUSKEL- OG SKJELETTLIDINGAR

Saman med psykiske lidningar står muskel- og skjelettlidingar for storparten av sjukefråværet i det norske arbeidslivet. Her viser tala at Modalen sin befolkning har mindre muskel- og skjelettplager enn landet og fylket. Likevel er det grunn til å ha fokus også på dette området i folkehelsearbeidet.

TYPE 2-DIABETES

Diabetes 2 er ein sjukdom som i stor grad kan knytast til levevanar. Den rammar i stor grad menneske i vår del av verda. Arv, kosthald og fysisk aktivitet er faktorar som ser ut til å hengje saman med utvikling av sjukdommen. Bruken av diabetes 2-medikament i eit samfunn kan ha samanheng med i kva grad ein klarer å stabilisere blodsukkeret med kosthald om mosjon, og kva praksis legar har med utskriving av slike medikament. Her viser tala at Modalen sin befolkning brukar meir legemiddel mot diabetes enn landet og fylket. Medan 5% av vår befolkning nyttar slike legemiddel, er tal for landet og fylket ca. 3%.

I kva grad kan me nytte denne indikatoren til å vurdere helsa i vår befolkning er usikker, men at me i vår del av verda er i ferd med å utvikle levevanar som går utover helsa er grunn til å ta på alvor. Å arbeide for at den enkelte av oss skal gjere rette val når det kjem til kosthald og fysisk aktivitet er vegen å gå. Her har Modalen kommune gjort smarte grep i dei tilbod som er etablert i barnehage og skule. Gjennom mattilbodet til barnehageborn og elevar vert det gjeve sunne og næringsrike måltid til born og ungdom kvar dag. Det same gjeld tilbod om fysisk aktivitet, der både barnehage og skule har fokus på uteaktivitetar i naturen. Gjennom tilboda om kost og aktivitet utviklar born og ungdom gode vanar som dei tek med seg inn i vaksenlivet.

ANTIBIOTIKA

Antibiotika er viktig i den medisinske behandlinga av infeksjonar og har over mange år bidrege til betre folkehelse og økt levealder på verdsbasis. Likevel er det eit paradoks at bruken av antibiotika i vår del av verda i dag er altfor høg. Resultatet er at det utviklar seg resistente bakteriegrupper som er mest uråd å behandle, og som vert ein trussel i framtida. Difor er det viktig å arbeide for å redusere bruken av antibiotika. Modalen har mindre bruk av antibiotika enn snittet i Noreg. Dette er positivt.

RESSURSAR I DET VIDARE ARBEIDET

God lokaloversikt over helsetilstand i fråver av statistikkgrunnlag.

Levealder på line med fylket og landet forøvrig.

Modalen ligg under fylkes- og landsnittet når det gjeld innbyggjarar som har vore i kontakt med fastlege/legevakt med psykiske plager 1 eller fleire gonger i løpet av eit år.

Bryggjeslottet og eit aktivt idrettslag. Kommunen har styrka tilgang og kompetanse innan psykisk helse med psykiatrisk sjukepleie og psykolog.

Modalen kommune sine innbyggjarar har færre muskel- og skjelettlidingar enn fylket og landet.

Etablert gode tiltak i barnehage og skule som ivaretek sunt kosthald og aktivitet.

Mindre bruk av antibiotika i Modalen enn snittet i landet.

UTFORDRINGAR I DET VIDARE ARBEIDET

Høgare del (5 %) av befolkninga i Modalen nyttar legemiddel mot diabetes-2 enn fylket (3 %) og landet. Dette indikerer at diabetes type-2 er eit aktuelt innsatsområde.

Livsstilsjukdomar generelt rammar fleire og fleire – også i Modalen.

AKTUELLE OMRÅDE FOR UTVIKLING

Sikre at flest mogleg tar til på og fullfører vidaregåande skule då dette aukar gjennomsnitleg levealder med 5 år.

Oppretthalde satsinga på psykisk helse retta mot barn og unge.

Fokus på muskel- og skjelettlidingar fordi dette saman med psykisk helse er hovudårsakane til sjukefråver i arbeidslivet.